

**Til:** Aurland Kommune  
**Frå:** Arne Kringlen  
**Stad, dato** Førde, 2016-04-29  
**Kopi til:**

## Notat frå arbeidsverkstad områdeplan Flåm, 15 april 2015.

### INNHALD

<b>1</b>	<b>INNLEIING OG ARBEIDSMETODE</b>	<b>2</b>
<b>2</b>	<b>VIKTIGE MOMENT FRÅ GRUPPEARBEIDET</b>	<b>4</b>
2.1	KVA FUNGERER BRA I FLÅM	4
2.1.1	<i>Persontransport</i>	4
2.1.2	<i>Bygg&amp;uteområde</i>	4
2.1.3	<i>Vekst&amp;heilårsdrift</i>	4
2.2	KVA FUNGERER IKKJE BRA I FLÅM	5
2.2.1	<i>Persontransport</i>	5
2.2.2	<i>Bygg&amp;uterom</i>	5
2.2.3	<i>Vekst&amp;heilårsdrift</i>	5
2.3	BIDRAG TIL UTVIKLINGSKONSEPTET	6
2.3.1	<i>Gruppe 1 – bidrag til konseptet</i>	6
2.3.2	<i>Gruppe 2- bidrag til konsept</i>	8
2.3.3	<i>Gruppe 3 – bidrag til konsept</i>	9
<b>3</b>	<b>OPPSUMMERING</b>	<b>10</b>
<b>4</b>	<b>DELTAKARANE</b>	<b>11</b>
<b>5</b>	<b>VEDLEGG</b>	<b>11</b>
5.1	VEDLEGG 1A – PERSONTRANSPORT - KVA FUNGERER BRA	11
5.2	VEDLEGG 1B – PERSONTRANSPORT - KVA FUNGERER IKKJE BRA	11
5.3	VEDLEGG 2A – BYGG&UTEROM – KVA FUNGERER BRA	11
5.4	VEDLEGG 2B – BYGG&UTEROM – KVA FUNGERER IKKJE BRA	11
5.5	VEDLEGG 3A – VEKST&HEILÅRSDRIFT – KVA FUNGERER BRA	11
5.6	VEDLEGG 3B - VEKST&HEILÅRSDRIFT – KVA FUNGERER IKKJE BRA	11

## 1 Innleiing og arbeidsmetode

I samband med områdereguleringa i Flåm ville kommunen gjennomføre ein workshop (kreativ arbeidsverkstad) der representantar frå ulike interesser og bedrifter i Flåm deltok, i tillegg til kommunen ved utval for Plan og utvikling og administrasjonen.

Arbeidsverkstaden vart halden 15 april kl 09.00 – 16.00, på Fretheim Hotell, Restauranten. Norconsult førebudde og gjennomførte verkstaden i samarbeid med Aurland kommune.

Føremålet med verkstaden var å sikre involvering frå planutvalet og sentrale aktørar i Flåm. Resultatet frå verkstaden vert saman med anna grunnlagsmateriale, lagt til grunn for utviklinga av eit plankonsept, som deretter vert lagt til grunn for sjølvje reguleringsplanframlegget.

Program for dagen

0900	Oppmøte og kaffe
0915-1000	Velkomen og innleiing til gruppearbeidet
1000-1100	Gruppearbeid – kva fungerer bra innafør planområdet
1100-1145	Lunsj
1145-1245	Gruppearbeid – kva fungerer ikkje godt nok innafør planområdet
1245-1445	Gruppearbeid – utvikle bidrag til plankonseptet
1445-1545	Presentasjon av gruppearbeidet og informasjon om planarbeidet vidare


Mål for dagen:

- Hente inn mest mogleg informasjon om utfordringane innafør planområdet og skape ei felles forståing av desse
- Utvikle bidrag til eit utviklingskonsept for området

For å målrette arbeidet var det på førehand gjort ei konkretisering (fokusering) av tema for dagen opp mot «reisemålsutvikling», og vidare «Utvikle eit konsept for besøkande i Flåm som er funksjonelt, attraktivt og gjev rom for auka omsetjing». På denne bakgrunn delte vi inn i 3 tema:

1. Funksjonelt med tanke på persontransport til/frå og inne i området
2. Attraktivt med tanke på utforming av bygg og uterom
3. Auka omsetjing med tanke på lokal økonomisk vekst og heilårsdrift

Det vart laga til 3 gruppebord med kvart sitt tema og ein person frå Norconsult fast på gruppa. Deltakarene i verkstaden sirkulerte mellom borda, slik at alle fekk jobbe med alle tema.



Ved kvart gruppebord vart svar på spørsmåla «kva fungerer» og kva «fungerer ikkje» skrive ned på a4 ark. Dette er dokumentert i vedlegga 1 til 3. I løpet av prosessen vart det også halde avstemming for å få fram dei viktigaste svar/kommentarar for kvart tema. Under er bilede frå gruppearbeidet.



## 2 Viktige moment frå gruppearbeidet.

Første runde handla om kva som fungerer bra i Flåm. I teksten under har vi framheva noko av det som vart lagt mest vekt på i gruppearbeidet.

### 2.1 Kva fungerer bra i Flåm

#### 2.1.1 Persontransport

- Det var peika på at dei store landskapselementa fjorden, fjella, elva er ei viktig positiv ramme kring turistmaskina Flåm, som er intakt.
- Flåm har høg konsentrasjon av ulike transportmiddel som båt, tog, buss, bil og sykkel
- Det er stort potensiale for å flytte parkeringa bort frå sentrumsarealet
- Korte avstandar mellom viktige funksjonar i sentrum
- Konsentrert sentrum-overgang båt-buss-tog
- Personbilane har nok parkeringsplassar
- God logistikk
- Flåm er ein god base, der ein kan nå mange turistattraksjonar innafor nokre timar.
- Cruisekaia fungerer veldig bra
- Handterer store volum av folk og enkle overgangar mellom transportmiddel
- Kompetente organisasjonar og godt samarbeid mellom etatar og private aktørar

I tillegg til momenta ovanfor vart Flåmsbana, Fretheim hotell og stien over Fretheimshaugane trekt fram som særleg positive attraksjonar. Sjå vedlegg 1a, der alle innspel er scanna inn.

#### 2.1.2 Bygg&uteområde

- Bra med friområde på Neset, fotballbane, volleyballbane og leikeplassar
- Fint å gå havnepromenaden mot Vikji
- Fretheimshaugane som viktig landskapselement og bruksområde for turistar og fastbuande
- Bygga er stor sett fine og det ser relativt ryddig ut med ein raud tråd i arkitekturen
- Kaifronten er fin frå fergetemne til cruisekaian
- Landskapselementa har ein verdi som utgangspunkt for plassering av nye bygningar (både næring og bustad)
- Bygg som ivaretek viktige funksjonar for mat, billett, butikk, toalett og informasjon
- Stasjonsbygget fungerer bra og kundesenteret er eit vakkert bygg
- Infrastrukturen gir moglegheiter for å skille trafikkantgruppene, mjuke og harde.
- Potensiale for å utvikle torg, parkeringsareal og grønne lungar

Elles vart det sagt at bygga på område er fine i seg sjølv, men at heilskapen manglar. Bryggeriet vart trekt fram som ein fint bygg. Sjå vedlegg 2a, der alle innspel er scanna inn.

#### 2.1.3 Vekst&heilårsdrift

- Gode friområde med badestrand, sandvolley og fotballbane
- Open heile året med tog, båt, buss og butikk
- Servicetilbod heile året
- Satsar på kvalitet
- Dei grønne lungene vi har er attraktive for alle aldrar
- Elva som ressurs med potensiale for meir kontakt
- Omeng er ein ressurs med Flåm som base
- Fokus på bærekraft
- Fleire deltek med tilbod om vinteren – grunnlaget for vekst
- Eksisterande vegnett er eit godt utgangspunkt for utviding

- Det er rom for nye aktørar innafor planområde med opplevingsprodukt
- Endringsvilje er tilstade

Elles vart det sagt at infrastrukturen i Flåm også kan handtere heilårsdrift, noko som vil styrke grunnlaget for meir tilflytting pga heilårsarbeidsplassar. Det er investeringsvilje og endringsvilje i området for meir aktivitetar. Sjå vedlegg 3a, der alle innspel er scanna inn.

## 2.2 Kva fungerer ikkje bra i Flåm

### 2.2.1 Persontransport

- krysset og brua ved Orøyna er altfor dårleg
- bussparkeringskaos er ein flaskehals
- For mykje støy og ureining frå alle typar transportmiddel
- For sterilt område (grått og asfalt). For lite grønt.
- Tilkomstvegen til A feltet
- Ikkje tilrettelagt for rullestolbrukarar (ikkje barnevogn og familiar heller)
- Konflikt mellom gåande, syklande og motorisert ferdsel
- Trafikkavvikling fungerer ikkje
- Bil og buss må bort frå A feltet
- Gjestane klager over for mykje støy (i aukande grad)

Elles var viktige tema i dette gruppearbeidet; manglande fortau/gangvegar, for smale vegar, dårleg skilting og eit uoversikleg trafikkbilde, særleg på dei travlaste dagane. Mangel på offentlege toalett var også trekt fram av mange. Sjå vedlegg 1b, der alle innspel er scanna inn.

### 2.2.2 Bygg&uterom

- Drivstoff – fylling og tilkobling til landstraum
- For lite toalett for lite skilting og søppeldunkar
- Området på begge sider av elva er dårleg utnytta
- Treng betre søppelhandtering
- Uteromma manglar element som kan fungere som ledelinjer
- Torget fungerer ikkje
- Gangveg mellom Ægir og Furukroa + Flåmsbrygga bør ligge under Flåmsbrygga pga konflikt offentlig gangveg.

Elles vart under brua «Orøyna», deponi på Brekke og fotballbana karakterisert som «ikkje fint». Det vart og sagt at fjordlinja er for dårleg utnytta for almenta og at det er for lite «grøne område» på flata. For dårleg styring på arkitekturen vart også nemnt.

### 2.2.3 Vekst&heilårsdrift

- Cruisekaien må forlengast med 50 m
- Negativ miljøpåverknad frå cruiseskip – landstraum
- For lite fokus på miljøvenlege løysingar
- Dårlig på å utnytte potensiale sin ligg i Flåm sine omegn (spesielt vinterstid)
- Stille krav til cruiseindustrien
- For lite bussparkering
- For lite tilrettelagt for mjuke trafikkantar
- Fangvegen mellom Ægir pub, Flåmsbrygga og Furukroa



- For å få vekst må vi ha akseptable bustader til folk/personar som vil flytte hit, jobbe her og på sikt kjøpe hus/leil.
- Nærøyfjorden som verdsarvområde blir ikkje regulert/kontrollert for å bevare dei verdiane turistane kjem for å sjå.
- Inndelinga mellom private og offentlege vegar skapar praktiske utfordringar


Elles vart det «store tomrommet» vinterstid trekt fram som eit problem. Likeins mangelen på leigebustader i området.

### 2.3 Bidrag til utviklingskonseptet


Siste del av dagen vart nytta til å utarbeide/skissere løysingar som kan løyse utfordringa og ta vare på det som er bra i Flåm. Skissene vert nytta som innspel til Norconsult sitt arbeid med å lage eit framlegg til konsept. Teksten på skissene forklarar dei grepa som er gjort.

#### 2.3.1 Gruppe 1 – bidrag til konseptet

##### Skisse 1, gruppe 1.



Skisse 2, gruppe 2.







2.3.3 Gruppe 3 – bidrag til konsept



### 3 Oppsummering

Innafor tema persontransport kjem det tydeleg fram at kombinasjonen av mange ulike transportmiddel på ein stad gjev eit unikt utgangspunkt for reiselivssatsing. Dette er samtidig område si store utfordring. Det trengs eit trafikksystem som er «lett å lese» og som sikrar trygg ferdsel for mjuke trafikkantar. Parkering eit stykke unna kjerneområde må vurderast.

Når det gjeld bygg&uterom vert det peika på at området er relativt ryddig og dei enkelte bygga har ok utforming. Det er heilskapen i arkitekturen som manglar. Arealet har potensiale (er stort nok) til at det kan skapast plass for nye bygg og gode uterom, samt skilje mellom ulike trafikkantgrupper. Det vert sagt at torget ikkje fungerer og at det trengs avklaring i høve offentleg/privat gangveggar, meir grønt inne i området og enklare tilgang til fjordlinja. Meir toalett, betre søppelhandtering og ordning for landstraum/drivstoffylling er trekt fram som behov i diskusjonen.

I høve vekst&heilårsdrift kjem det tydeleg fram at infrastrukturen som handterer stor trafikk om sommaren er eit unikt potensiale for å skape aktivitet om vinteren. Innafor ein times reise frå Flåm er det mange attraksjonar som kan sikre meir drift om vinteren. Cruise kaien må forlengast for å kunne handtere trafikken frå skipa betre. Flåm har eit sterkt behov for meir utleigebustader for dei som skal jobbe på området.

## 4 Deltakarane

### Deltakarar workshop i Flåm 15.04.2016

Namn	Føretak/arbeidsgjevar
Jan Olav Åsarmoen Møller	Aurland kommune
John Erik Johnsen	Aurland Hamnevesen KF
Osvald Turlid	Aurland Hamnevesen KF
Anders Fretheim	Aurland Hamnevesen KF
Aud Melås	Flåmsbryggja Hotell AS/Ægir bryggeripub
Pål Drønen	Fretheim Hotell
Ole Magne Kjellevoid	Jernbaneverket
Sølvi Morvik	Jernbaneverket
Janne Ølmheim	Statens Vegvesen
Inge Håvard Aarskog	Aurland kommune
Norunn Haugen	Aurland kommune
Per Are Flåm	Utvalsleiar for utval for Plan og utvikling
Sivert Bakk	Flåm utvikling AS
Bjarne Petterson	Utval for Plan og utvikling
Jon Bottheim	Aurland Ressursutvikling AS
Kristine Grønner Ohnstad	Utval for Plan og utvikling
Ingeborg Indrelid	Utval for Plan og utvikling
Thorbjørn Sivertsen	Norconsult AS
Sebastiano Lombardo	Norconsult AS
Johannes Henrik Myrmel	Norconsult AS
Arne Kringlen	Norconsult AS
Reinhardt Sørensen	Aurland kommune
Anja Schone	Flåm næringsforum
John Håland	Flåm camping

## 5 Vedlegg

- 5.1 Vedlegg 1a – Persontransport - kva fungerer bra
- 5.2 Vedlegg 1b – Persontransport - kva fungerer ikkje bra
- 5.3 Vedlegg 2a – Bygg&uterom – kva fungerer bra
- 5.4 Vedlegg 2b – Bygg&uterom – kva fungerer ikkje bra
- 5.5 Vedlegg 3a – Vekst&heilårsdrift – kva fungerer bra
- 5.6 Vedlegg 3b - Vekst&heilårsdrift – Kva fungerer ikkje bra